



Telenor Norge AS
Postboks 7150
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7262 - 15/1613

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.01.2015

Dispensasjonssak - Løyve til oppføring av reflektormast, tiltak uten ansvarsrett gbnr 5/2, Dyrdal

Administrativt vedtak. Saknr: 022/15

Tiltakshavar: Telenor Norge AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Søkjær, Telenor Norge AS, søker løyve til oppføring av refkeltormast ved Dyrdal på Sollia gbnr. 5/2. Tiltaket er ei frittstående etablering som skal reflektere sikt mellom 2 punkt for å gje Nødnett samband til stasjon ved Eikefettunellen. Minste avstand frå tiltaket til nabogrense er 55 m, avstand til anna bygg er over 500m og til vegmidte er 300 m.

Tiltaket gjeld oppføring av mast og såle med høgde 5 m, sjølve reflektorflata har storleik 4*3 m, ut i frå synt plassering i søknad vert tiltaket plassert på om lag kote +350 moh. Tiltaket er søkt handsama etter pbl. § 20-2 , jf. SAK10 § 3-1, 1.ledd, bokstav e).

Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel 2011-2023. Gjeldande planstatus for eigedommen er LNFR. Søknaden omfattar søknad om dispensasjon frå LNFR føremålet i kommuneplanen sin arealdel § 5.1, jf. pbl. § 19-2, for oppføring av Reflektomast i samband med Nødnett utbygging.

Saka vart 13.11.14 sendt regionale styremynde til uttale, det har ikkje komme merknadar.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Naboforhold



Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak er ikkje nabovarsla, og søkjar ber kommunen vurdere om det er naudsynt med varsling.

Kommunen gjev fritak frå varsling etter pbl. § 21-3, 2.ledd, då naboar si interesse ikkje eller i liten grad vert rørt av tiltaket. Det ligg vidare føre skriftleg avtale mellom Telenor Norge AS og grunneigar.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til naboar Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet med omsyn til tiltaket si plassering, terrengtilhøve og stor avstand til bygg på naboeigedom.

Dispensasjonssøknad:

Søker om dispensasjon PBL §19-2.

Telenor søker om dispensasjon etter pbl §19-2 for å etablere en 5 meter reflektormast i LNF sone på Sollia Gnr 5 og Bnr 2.

For at vi skal kunne levere samband til Norsk Nodnett, må vi sette opp en reflektormast i Sollia. Dette er en frittstående etablering som skal reflektere sikt mellom Eikefettunellen og Rundemannen.

Tiltaket har en samfunsmessig funksjon som å gi Nodnett dekning.

Tiltaket skal ikke være til fare eller ulempe for omgivelsene/arealbruken eller de allmenne interesser. Reflektormast trenger ikke strøm eller samband, og det tekniske utstyret skal ikke ha påvirkning på miljøet og tiltaket vil bli sikret etter Telenors normer og standarder.

<http://www.dinkom.no/Utbyggingen/Om-Nodnett1/>

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Vurdering

Moment som talar mot godkjenning:

- Den vedtekne arealbruken i kommunedelplanen, som er LNFR
- Dispensasjonar kan i mange saker føre til uheldig presedens

Moment som talar for å godkjenna søkanden:

- Tiltaket er eit anlegg av stor allmenntilgang interesse.
- Anlegget skal sikre nødnettssignal mellom to punkt.
- Tiltaket vil ikkje i nemnande grad forstyrre landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta.

Konklusjon:

Etter kommunen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknaden om dispensasjon, i samsvar med pbl § 19-2. Kommunen finn at godkjenning av søknaden ikkje vil få vesentlege arealmessige følgjer, og at godkjenning av søknaden ikkje kan skapa uheldig presedens eller på anna måte svekka arealdelen til kommuneplanen som styringsreiskap. Etter ei samla vurdering kjem vi fram til at fordelane er større enn ulempene, jf. kravet i plan- og bygningslova § 19-2.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNFR føremålet i Arealdelen til kommuneplanen for oppføring av mast og såle med høgde 5 m, sjølvve reflektorflata har storleik 4*3 m.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 bokstav d) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av refeltormast på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.10.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
3. Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.
4. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7262.

Ansvar

Tiltakshavar (Telenor Norge AS) er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.*

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealformål i plan	1	8.500
10.3.1	Basisgebyr	1	6.200
	Totalt gebyr å betala		14.700

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Telenor Norge AS

Postboks 7150 5020

BERGEN